



Eid eldreråd og Eid råd for menneske med nedsett funksjonevne

Vår ref:

Sak: 18/3876 JpID: 19/4041 Sbh: LGO

Dykkar ref.

Dato:

15.03.2019

## Høyringsvar frå Eid kommune: Høyring - ny budsjett og regnskapsforskrift og ny forskrift om råd for eldre, for personer med funksjonsnedsettelse og for ungdom

Alle tre råda hadde fellesmøte om høyrings sak, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, om ny: Budsjett og rekneskapsforskrift og ny forskrift om råd for eldre, for personar med funksjonsnedsettelse og for ungdom. Ungdomsrådet følte seg ikkje i stand til å vere med å ta stilling til innhaldet i fråsegna. Det vart difor Eldrerådet og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne som handsama saka. Dei valde alle å slutte seg til Pensjonistforbundet i Sogn og Fjordane si fråsegn, med unnatak av fråsegna sin § 4 om at kommunane har høve til å opprette felles råd.

Alle råda skal no regulerast av Kommunelova.

Pensjonistforbundet i Sogn og Fjordane har utarbeidd fråsegn til forskrifta.

Fråsegn frå råda i Eid kommune:

Det var fire medlemmer frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne som møtte, og fem frå Eldrerådet. Råda røysta separat over §4.

Eldrerådet støtta ordlyden i pensjonistforbundet sitt høyringsvar, medan Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne gjekk inn for å fjerne §4, og kommunane si mulegheit til å slå saman dei to råda.

Fråsegna frå Pensjonistforbundet vert vedlegg til innsend fråsegn/avgjersle i fellesmøtet.

Venleg helsing

Linda Gotteberg  
leiar helseavdelinga

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

*Ver venleg å oppgje referansenummer 18/3876 dersom du tek kontakt med oss.*

Post- og besøksadresse

Rådhusvegen 11, 6770 Nordfjordeid

Telefon

57 88 58  
00

Org.nr

938521816

E-post

post@eid.kommune.no

Internett

www.eid.kommune.no



